

Vestland fylkeskommune

02.11.2019

Søknad om støtte til utgreiing av bomvegsamband – kostnadar og potensiale for brukarfinansiering

Vegselskapet Midtvegen 615 AS søker med dette om kr. 100.000 i støtte til delfinansiering av utgreiing av kostnadar og potensiale for brukarfinansiering for ny/opprusta fylkesveg 615.

I april 2017 presenterte vegselskapet Midtvegen 615 AS ein trafikkanalyserapport med 6 ulike alternativ for å kople midtre Nordfjord tettare på rv.5-aksen Florø – Naustdal – Førde. **Det var berre trafikktal (ÅDT – årleg døgntrafikk) som vart analysert/utrekna då. No ynskjer vi å presentere ein rapport der vi også tar med kostnader og potensiale for brukarfinansiering.**

Hausten 2018 og tidleg på nyåret 2019 gjennomførde vegselskapet ein grundig gjennomgang av strategiplanen som formelt vart vedteken på generalforsamlinga 23.04.2019.

På side 4 i vedlagte strategiplan står det m.a.

1. Utgreie kostnad og potensialet for brukarfinansiering trafikkanalyse trase alt. 4 og 5 (jfr. trafikkanalyse pr. 04-2017)
2. Forhandle med Nordfjordbrua Anda-Lote og 45 min. regionen/Kystvegen om bomvegpakke Vestland nord jfr. våre vedtekter 2. ledd og evt. bli samde om ein variant av trafikkanalyse trase alt. 4.

Vi har fått tilbod frå konsulent selskapet Rambøll Norge på å utføre utgreiinga innafor ei ramme på om lag 255 000. Dette er ei minimumsramme med gitte føresetnader (noko vederlagsfrei deltaking frå Statens vegvesen og ingen reiser og presentasjon) og det er ynskjeleg med ei større ramme. Vi stiller sjølv med ein eigenkapital på 50 000 og forventar også å få inn støtte frå næringslivet. Pr. dags dato har Gloppen kommune vedteke å støtte utgreiinga med kr. 50 000. Samarbeidsforum i Sunnfjord handama denne søknaden på vegne av kommunane Flora, Naustdal, Gauldalen, Jølster og Førde og løvde i felleskap 80 000 kroner til utgreiinga.

Vi kunne ha laga ei lang liste for å argumentere for kvifor fylkesveg 615 må rustast opp, men vi trur det er nok å vise fram tre bilete på dei to neste sidene.

MIDTVEGEN 615

BIND SOGN OG FJORDANE SAMAN



Foto: Olav Klungre



Foto: Jorid Lothe.

MIDTVEGEN 615

BIND SOGN OG FJORDANE SAMAN



2.-plass: Hyen-Storebru
i Sogn og Fjordane.

30. april

April 2018 · 44 min

Utklipp frå NRK TV

Til orientering fekk vi inga støtte frå fylkeskommunen ved førre utgreiing (ÅDT-tal) og måtte då ta store kostnader på eiga kappe. Vi forventar at vegeigar Vestland fylkeskommune har ambisjon om å utvikle infrastrukturen vidare og vil støtte ei utgreiing av å kople saman dei tre mest folkerike områda i nordre del av Vestland fylke. Vi meinar og trur at denne utgreiinga vil vere til nytte for Vestland fylkeskommune og ber om eit positivt svar på vår søknad om støtte til utgreiing av mulig nytt bomvegsamband på fylkesveg 615.

Med venleg helsing

Olav Klungre

Olav Klungre
Midtvegen 615 AS

Vedlegg:

Strategiplan for Midtvegen 615 2019-2023

Trafikkanalyse fylkesveg 615 (april 2017)

Tilbod revidert rapport (Rambøll)